



## Velkommen til lågterskel logopedi

Lågterskel logopedi er eit tilbod for barn som treng rask logopedisk hjelp, barn som treng logopedisk vurdering i samband med sakkunnig vurdering frå PPT, og barn med mindre logopediske vanskar. Omfanget av lågterskel er sett til 5 timer. Me brukar å jobba i halvtimes lange økter. Dersom det er venta at barnet har behov for meir enn 5 timer logopedi, vil logopeden tilrå at ein sender tilvising til PPT, for å få timer til logopedi gjennom enkeltvedtak i skulen eller barnehagen.

### Språklydsvanskar

Språklydsvanskar hjå barn er relativt vanleg. Ein del følgjer den typiske språklydsutviklinga, men er forseinka. Andre har meir utypiske vanskar. Ofte har barnet vanskar med å skilja mållyd og erstatningslyd frå kvarandre – dei høyrer ikkje skilnad på om den vaksne seier «kake» eller «tate». Derfor øver me veldig ofte på å lytta skilnad på språklydar. Greier ikkje barnet skilja R og J frå kvarandre, vil det ikkje gi meiningsøva på å seia «rev» i staden for «jev». Dette kallast fonologiske vanskar.

Andre barn strever med sjølvé uttalen av lyden. Dette kan til dømes gjelda for dei som lespar -som stikk tunga ut mellom tennene når dei skal sei S-lyden. Dei treng gjerne ikkje lyttetrening, men øving på å halda tunga på riktig plass. Dette kallast artikulatoriske vanskar.

Barn kan og ha ein kombinasjon av fonologiske og artikulatoriske vanskar.

Logopeden kartlegg barnet med Diffkas, og brukar resultatet for å planlegga hjelpa for ditt barn.

### Oppfølging

For å få best utbytte av logopedihjelp er det viktig at foreldra følgjer opp arbeidet i heimen. De vil få oppgåver med heim mellom kvar økt. Barnet treng hyppige, korte øvingar for å få språklyden på plass. Då er det ikkje nok med berre den direkte logopedøvinga. Jobbar ein ikkje med dette i kvardagen, kan det gå sakte framover, barnet kan ha behov for fleire logopeditimar, og det kan ta lang tid før ein ser effekten.

Øving skal i størst mogleg grad vera kjekt for barnet, og det er viktig å leggja opp til at barnet skal kjenna på meistring. Vel ut nokre situasjoner i løpet av dagen der de set av tid til å jobba med uttalen. Bruk 5-10 minutt til dette kvar dag. Hugs at dette er ei jobbeøkt for barnet. Situasjonen skal vera eigna for at barnet skal greia å konsentrera seg.

Logopeden kan og koma med råd om korleis ein bør snakka med barnet (til dømes retta på/ikkje retta på, gjenta, utvida setningar, snakka saktare).

Denne informasjonen vart sist oppdatert 08.07.25.